
VOSSA JAZZ -86

21.-23. mars



Kontanter heile døgret



KORT OG KONTANT


Minibanken finn du midt i sentrum ved Voss Handelslag



Vekselbanken

A.S Voss Veksel- og Landmandsbank

TLF. 05/51 18 22



Voss er jazz!


Norge møter verden, og geniale kombinasjonar oppstår. Rødvin til torsken. Pariserloff med brunost. Ibsen i Napoli-gulfen. Amundsen på Sydpolen. Voss og jazz.

Har du stått på perrongen når festivaltoget kommer, og sett jazz-kisen slepe godfoten gjennom snøfanene, med alpeluen nedover de røde ørene, nedlesset av bassen og ryggsekken og slalåmski og et par mastodonte støvler? De som fant på å legge en jazzfestival til Voss i vintersesongen, hadde sans for det sublime.

Ey snusfornuftig menneske ville hevde at en sånn legering ikke vil holde, det er som å ha isbiter i gløggen. Men jazz er ingen aspidistra. Jazz er en orkidé, som uten videre lar seg krysse med alperose. Og Voss er Vozz.

Voss er Norges Roma. Alle veier fører til Voss, fra Hardanger, fra Sogn, fra Bergen, fra Finse og resten av Universet. Allerede Harald Hårfagre øynet at dersom han skulle samle landet og gre ut flokene, kunne han like godt bare bli sittende på Voss. Sagaen sier at han satt på Vangen og lysket seg, da Eigil Skallagrimson kom roende over Vangsvatnet. Kongen spurte Eigil om han var kommet for å be om grid, han hadde jo gjort kongsmakten et pek eller to.

Eigil strøk seg over issen og skulte misunnelig på manken til Harald



Kom og få eit freistande banktilbod

Postsparebanken har dei tenestene du har bruk for, og gunstige vilkår anten du vil spare eller låne. Det vil difor løne seg å ta ein tur innom postkontoret for å få nærare informasjon.

Velkomen til ein hyggeleg bankprat.

POSTSPAREBANKEN

– banken på postkontoret –

Hårfagre. Så satte han det navngjetne onde øyet sitt i kongen, så Harald måtte slå blikket ned.

– *Grid?* sa Eigil. — Var det *grid* du sa? Jeg vet faen ikke hvorfor du sitter her og ruger, ditt skautroll. Men jeg er kommet for å høre Carla Bley!

Møtested, kulturvugge og verdens eneste alpelandsby som ligger 54 meter over havet: Når Voss i tillegg har jazzen, har Voss alt. Voss og vinterjazz: Det finnes ikke gunstigere forhold for at kroppen og sjelen skal finne hverandre.

Du svinger det ut fra Horgaletten, tar sats og kaster deg utfor Utforløypa, vrikker nedover til beaten fra et bristeferdig hjerte, kjenner blodet pumpe i takt med stavtakene som hugger rytmen din inn i de krengende fjellsidene. Da er du selv jazz. Da er du selv drøm. Da er du selv på vei opp i de blå sfærer.

Og hvis du i tillegg kjenner billetten til kveldens konsert ligge og gløde i vestelomma, som et lite minne om at ingenting er så bra at det ikke kan bli fullkomment — da er du allerede sikret orkesterplass der oppe mellom skyene, kan du svakt høre bruset fra basunenglenes evige jamsession, da vet du at Gud er i sin himmel og at Gud er verdens største kvinnelige jazz-vokalist.

Elin T. Gjelsvik

Billettkontor

Billettkontoret til Vossa Jazz finne du i Voss Kino.
Tlf.nr. ditt er 51 19 49.
Opningatidene er:

Fredag	14.00 - 20.00
Laurdag	11.00 - 20.00
Sundag	13.00 - 19.00

Fotoutstilling

Stig Bottolfsen og Voss Foto- og Smalfilmklubb stiller ut foto i kjellaren på Voss Kino.

Utstillinga er open samstundes med bill.kontoret.

Stig Bottolfsen

Stig Bottolfsen (39) stiller ut foto i kinokjellaren. Bottolfsen arbeider på informasjonssenteret i Oslo Kommune, men arbeider og som free-lance fotograf og journalist. Han skal og stilla ut bileta sine på Kongsbergfestivalen seinare i år.



Anne Marie Giørtz Band sin annen LP-innspilling har fått en rekke sterkt positive reaksjoner blandt pressens musikkmedarbeidere. Vi nevner noen av disse, for de som ennå ikke har skaffet seg plata og således er i stand til å vurdere sjøl:

«De elleve låtene på LPen er godt spredt i et musikalsk bilde — og gir LPen dynamikk. Nye strømninger har tydeligvis også nådd fram til dette bandet; et langt mer sangbart materiale har gjort «Tigers of Pain» til en LP som overrasker med sin «begripelige» jazz og med tekster blottet for krypisk snikk snakk».

— Jan Cato Landsverk, Nye Takter 12.12.85

«Ein hake ved å få ei plate rubrisert som jazz er at mang ein musikalk klaff fell ned for folk som er opptatt av musikalske båsar. Det er ille om denne plata skulle lide under dette. Visst er «klassiske» ingrediensar med, improvisasjon osb. Men det er først og fremst vakker musikk, heilstøypt, framført av musikarar som kvar for seg har gjort store framsteg, men som framfor alt drar saman til ein musikalsk heilskap som er sjeldan vellukka. Her er perle på perle. . . »

— Roald Helgheim, Klassekampen 13.12.85

«Musikken er norsk, men krysser allikevel mange grenser og vil utvilsomt kunne ha et internasjonalt budskap å formidle, slik jeg opplever den. Anne Marie Giørtz har en stemme som faller fint inn i den tekstlige og tonale atmosfære. . . Live står hun nok enda sterkere skulle jeg tro. . . »

— Stein Kagge, Aftenposten

«Putt denne tiger'n på tanken. . . begeistringen fra min spontanreaksjon nekter å vike. Den forsterkes og underbygges for hver gjennomspilling, dithen at jeg nå akter å kalle «Tigers og Pain» en enorm plate. . . aller mest fordi dette er et BAND, fem avanserte musikere, som er fanget i disse lykkelige øyeblikkene der materialet, samspillet, soli, fraseringer, individualisme og kollektivitet stemmer, der inspirasjonsspiralen stiger brått til værs».

— Terje Mosnes, Dagbladet 16.12.85

NORSK MUSIKK DISTRIBUSJON AS.

ODIN

Jazzvideoar

I samarbeid med Red Door Music viser Vossa Jazz jazzvideoar på videoanlegga til Park Hotel og Hotell Vossevangen.

Her vil ein møta m.a. Miles Davis, John Coltrane, Charles Mingus, Billie Holliday og mange andre...

Sjå lysing i programmet.

Barneparkering/-Aktivitetar

Det vert gratis barneparkering og aktivitetar for born i førskulealder. Ungane får brus og bollar og vert aktivisert med song, spel, leik og morro.

Laurdag 14.30 - 18.00
Sundag 13.30 - 16.00

Jazzkafe/Ope hus

Desse aktivitetane går i år føre seg på Hotell Vossevangen. Vossa Jazz vil stå for dei kunstnarlege arrangementa, medan hotellet står for serveringa.

TOG FLY
BÅR. BUSS. HOTELL
BILUTLEIGE
FORRETNINGSREISER
SELSKAPSREISER
KULTURREISER
IDRETTSREISER



Velkommen inn eller ring

NSB-REISEBYRÅ

UTTRÅGT. 32 - 5700 VOSS - TELEFON 05/51 18 35

Bøker
Papir
Skrivesaker
Me har utvalet





Son Mu

Son Mu har i den siste månaden reist fylket rundt i ein kombinert skule- og kveldskonsertturne i regi av Rikskonsertane og Hordaland Song- og Musikkråd. Kveldskonsertane er samarbeidskonsertar med ulike lokale utøvarar. Utgangspunktet for dette samspelet er ein suite Knut Kristiansen har skrive, kalla «Cinquillos». I alt 9 slike konsertar har Son Mu bak seg, når dei torsdag 20. mars inntek podiet på Hotell Vossevangen saman med Voss Storband.

Olav Dale — saksofonar. Olav har spela i mange ulike grupper i Bergen og har også arbeidd som musikar på teater og i studio, og har reist mykje for Rikskonsertane.

Arild Seim — gitar, har spela jazz og rock i Bergen i mange år. Han er mykje nytta av Rikskonsertane til turnear i heile landet.

Knut Kristiansen — piano, er SON MU sin musikalske leiar. KK er lærar ved Bergen Lærarhøgskule og underviser i rytmisk musikk. Dei siste åra har han arbeidd mykje med afrikansk musikk og salsa, både i SON MU og i andre samanhengar.

Frank Jakobsen — congas, timbales og perkusjon, er ein av dei leiande trommeslagarane innan dagens norske jazz og jazzrock. Han har spelt m.a. i Ny Bris og Cutting Edge.

JAZZ & BLUES VIDEOER!

Vi har nettopp fått agenturet på en meget interessant serie jazz- og bluesvideoer. Her finner en musikalske perler og interessante interjuver med mange av jazzhistoriens største utøvere. Mange av filmene er prisbelønnet på de store internasjonaler filmfestivaler.

Hva med filmen om og med Art Pepper?
. . . *eller:* Live konsert med Sonny Rollins 1963?
. . . *eller:* Zoot Sims Quartet på Donte's Jazz Club, Los Angeles 1970?
. . . *eller:* On the road with Duke Ellington 1964?
. . . *eller:* The Miles Davis Quintet med John Coltrane 1959?
. . . *eller:* Stan Kenton Big Band 1947?
. . . *eller:* Mingus i den berømte filmen hvor politiet kaster ham ut av leiligheten sin etter at han har gitt oss en praktfull oppvisning av sin musikalske genialitet?
. . . *eller:* Armstrong, Glenn Miller, Billie Holliday, Lester Young, Joe Turner, Sun Ra, Punch Millller, Muddy Waters, sjeldne opptak med Charlie Parker. . . . og meget, meget mere.

Ring eller skriv etter vår fyldige katalog med detaljert beskrivelse av hver enkelt film, samt prisliste. Katalogen sendes fritt i hele skandinavia.

RED DOOR MUSIC

Postboks 9197 Vaterland,
0134 Oslo 1
Kontoradresse: Youngsgt. 1,
0134 Oslo 1
Tlf.: (05) 20 66 54

Eit utval av videoane vert vist på Park og Vossevangen under Vossa Jazz.

Ole Hamre — trommer, har markert seg som ein dyktig musikar i vestnorsk rock og jazzmiljø og spelar i fleire grupper.

Yngve Moe — bass. Moe er mykje nytta bassist, og har m.a. spelt med Kristin Berglund. Han er og bassist i rockegruppa «Dance with a stranger» som folk får møta på Moldefestivalen i år.

Voss Storband

Storbandet var skipa i 1973. Orkesteret har hatt noko varierande besetning opp gjennom åra, og i 1986 er det 13 medlemmer. Musikalsk leiar dei siste to åra har vore Ivar Vatne. Bandet spelar arrangement av Sammy Nestico og arrangement av Ivar Vatne.

Dei to mest brukte solistane er Ivar Kvåle, trompet og Kjell Hommedal, piano.

Geirr Lystrup

har snart 15 år bak seg som aktiv utøvar i norsk visemiljø. med oppvekst i Vinje i Telemark har han et solid fotfeste i folkemusikken. Men er ikke redd for å hente inspirasjon fra andre musikk-kulturer. Da han kom hjem etter ett år i Menneskenes Land — Grønland, ga han ut en Lp med inntrykk fra denne spesielle nasjonen.

For Det Norske Kammerkor har han skrevet tekster til tre Lp'er, og her er musikken hentet fra barbershopens USA. Ellers er det blitt i alt 6 plater hvor Geirr Lystrup synger egne sanger. Av disse seks er hele fem blitt nominert til Spelemannsprisen, og en gang har han fått den, med Lp'en «Songen om kjærligheta».

I det siste kjenner vi ham mest gjennom gammaldansvisene på plata «Ha ti dæ». Her har han samarbeidet med gruppa Godtfolk fra Lom, hvor han bodde i hele fem år.

Idag bor Geirr Lystrup i Brumunddal og livnærer seg framleis av å skrive og synge viser. På turneer har han stundom hatt med seg medmusikanter, men aleine med gitaren har han muligheter for mer intimkontakt med publikum og dermed improvisasjoner underveis i programmet. Derfor liker han denne «aleine med gitaren» — formen best. Den er i tråd med den middelalderske trubadurfunksjonen.

Liksom sine gamle kollegaer liker også Geirr Lystrup å være en slags blanding av poet og journalist, med en lyrisk dåm over aktuelle temaer

PIANOER **FLYGLER**

VOSSA JAZZ

FESTIVAL 1986

VELGER

SCHIMMEL
PIANOS

TIL KLUBBENE

VI GRATULERER

Kvalitet og topp service er vårt kjennetegn.

Bergen Pianoforretning

Jon Sørsgrsgt. 9 - 5000 Bergen - Tlf. 23 06 92

i visene sine. Og han bruker ofte humor og en smule ironi for å få fram det han vil si.

De som kommer for å høre denne gitarpoeten får ikke overvære et finpusset musikalsk sceneshow, men de får delta i et møte med en mann med noe på hjertet.



Rønnaug Kleiva

Rønnaug Kleiva debuterte i 1985 med diktsamlinga «*Animasjon*», ei bok som har fått mykje fin omtale. Gjennom dikta i boka viser ho korleis ein og same tekst fungerer på ulike måtar, alt etter kva ramme den blir sett inn i. Alt i tittelen ligg ei rettleiing for fordomsfulle lesarar. Dikta handlar om indre og ytre røyndom, sirklar inn urørlege og private område, problematiske og gledefylte, psykisk pg fysisk-erotisk. Dikta er bygde opp på ein slik måte at ho får fram samanhengen mellom lyrikk og musikk, rytmen i ord og setningar er del av ein heilskap.

Drikk Coca-Cola

Have a Coke and a smile.

Coca-Cola. En real forfriskning.

Th. Jersin

Vangsgt. 8,
Agentur og lager

Paal-Helge Haugen



Det overvintra lyset

Musikk, erotikk, politikk, historie og historier er alt saman med i den nye diktsamlinga til denne kjende og særmerkte diktaren og lyrikaren.

Pris kr 98,–

Boka får du i bokhandelen

Samlaget

Rønnaug Kleiva ANIMASJON




Rønnaug Kleiva debuterer i år

Eit vitnemål om kor mykje positivt som kan utløysast om ein løyser noko på sjølvsensuren og aktivt arbeider seg fram mot ei sjølvaksep-tering.
Den overraskande kom-posisjonen får fram korleis same tekst får ulikt innhald i nye om-gjevnader. Kr 108,00

Samlaget

For *lyrikkvenner*



Kolbein Falkeid

Gledepunkter

Kolbein Falkeid åpner sin siste samling med en avdeling bare for gledepunktene. Dikteren skriver om slikt han liker i livet – det som er ekte og uforstilt. Boken inne-holder også gjendiktninger av den fine meksikanske lyrikeren Octavio Paz.
Kr. 79,-




Stig Holmås

Her

Om alle oss vanlige mennesker som ikke drømmer om rikdom og makt, men om et godt liv – med råd til å le av makt-menneskene og undertrykkerne.
Kr. 79,-

CAPPELEN



Stig Holmås

Stig Holmås er fødd i Bergen i 1946. Han debuterte i 1970 med diktsamlinga *«Vi er mange»*. Han har i alt gitt ut 4 romanar for born/ungdom, 2 novellesamlingar og 5 diktsamlingar.
Stig Holmås har fått oppleve at han har mange lesarar, og fleire av samlingane hans er komne i nye opplag.

Heilt frå starten har han markert seg som ein samfunnsengasjert forfattar, og om diktsamlinga *«HER»*, som kom ut sist haust, skreiv ein av bokmeldarane:

«I et tiår da de skamløse utgir bøker med tittelen «ELSK DEG SELV», er det en lykke å få en samling dikt av Stig Holmås».

«Vi er mange» Dikt. Gyldendal, 1970
«Tenke på i morgen» Dikt. Gyldendal, 1972.
«Nok å ta seg til» Dikt. Gyldendal, 1974.
«Mannen fra Nicaragua» Noveller. Gyldendal, 1979.
«Folket som alltid lengter» Dikt. Gyldendal, 1980.
«Guttene i Markegaten» Fortellinger. Eide, 1981.
«Vinterhauk og ildvannet» Roman for barn/ungdom. Samlaget, 1982.
«Vinterhauk og skalpejegerne» Roman for barn/ungd. Samlaget, 1983.
«Vinterhauk og slavehandlerne» Roman for barn/ungd. Samlaget, 1984.
«Tordensønnen» Roman for barn/ungd. Gyldendal, 1985.
«Her» Dikt. Cappelen, 1985.

SAL AV!



Om du har vore på leiting etter ein skikkeleg pub på Voss...
Om du har opplevd eit verkeleg pub-miljø andre stader...
Ja, så har du sikkert gjort deg tankar om korleis din pub skulle vere.

Det har vi også.
Me har opna
STALLEN PUB på Hotell Vossevangen.
Etter mykje arbeid og finpuss er resultatet blitt akkurat slik vi hadde tenkt.

Vår pub har eit originalt og vakkert interiør. Vår pub speglar vårt eige lokale miljø, ikkje importerte og framande omgivnader.
STALLEN PUB er ein uformell møtestad der du kan stikke innom når som helst og slappe av med velsmakande forfriskingar.


STALLEN PUB har koselege båsar der opptil 20 personar kan hygge seg ilag rundt bordet.
I vår pub er det fyr på peisen og lune sitjeplassar tett inntil.
I vår pub er det visesong og gode artistar som set ekstra spiss på den stemninga det alltid vil vere i ein ekte lokal stampub.

SAL AV!
Kom innom og sjå om det stemmer med ditt bilete av ein god pub!

Velkomen til

STALLEN
PUB
HOTELL
VOSSEVANGEN

STALLEN PUB er open kvar dag frå kl. 13.00 - 00.30



Kolbein Falkeid

«Måtte et stort publikum oppdage at Kolbein Falkeid gjennom 22 års tilstedeværelse i norsk lyrikk har utviklet noe av det mest vitale, spennende, alvorlig engasjerte og fabulerende underholdende som skrives av dikt her i landet!»

Dette skreiv Knut Ødegård i Aftenposten om *«Trekket vestover»*, (utvalde dikt 1962-83).

Kolbein Falkeid har ein stor litterær produksjon bak seg, og han er blant dei mest anerkjende lyrikarane her i landet. Han er utdanna Cand.Philol., men er no forfattar på heiltid.

Litterær produksjon:

«Gjennom et glass-skår», 1962, *«Vi»*, 1966, *«Dissonans»*, 1968, *«Gjenskinn»*, 1971, *«Reisenotater»*, 1973, *«Afrika mitt Afrika»*, 1974, *«Horisontene»*, 1975, *«Senghors sanger»*, 1976, *«Opp- og utbrudd»*, 1978, *«Vagabondering»*, 1979, *«Terroristene»*, 1980, (Oppført på Den Nasjonale Scene 1982), *«Noen skritt unna»*, 1980, *«Robinson»*, 1981, *«Redningsforsøk»*, 1983, *«Trekket vestover»*, 1984, *«De andre»*, 1984, *«Gledepunkter»*, 1985.


holder tonen



Kjell Erik Vindtorn

(f. 1942 i Drammen), tidlegare mangeårig lysteknikar ved ulike Oslo-teater, har heilt sidan debuten i 1970 , framfor nokon, vore «rebellen» i nyare norsk lyrikk (blant vener er han også kalla den norske poesiens Buffalo Bill). Som den første i norsk poesitradisjon har han henta impulsar frå dadaisme, futurisme og surrealisme. Gjennom ukonvensjonelle bøker med titlar som *«Froskemannskoret»* (1974), *«Barbeinte skyskrapere»* (1976) og *«Trafikklys for elever»* (1980) har han med stor iver og humor gått til åtak på den norske *«Ønskediktet»*-tradisjonen.

I dikta hans finn vi inspirasjon frå moderne målarkunst, men særleg frå ulike typar musikk: Så vel salsa, rock og jazz, som modernistisk, atonal musikk. Vindtorn har òg stått bak fleire musikkprogram i NRK. I beste surrealistiske ånd skyt Vindtorn med skarpt mot normalspråket, og denne språkkritikken utviklar han til ein drepande samfunnskritikk. Dei siste fem bøkene hans fram til *«Duften av kompassroser»* (1984) dannar ein *«Vanviddets kvintett»*, som spenner frå desperat pessimisme til ei optimistisk livsglede uttrykt gjennom uvanleg sanseleg kjærleikspoesi. For forfattarskapen sin fekk Vindtorn den ettertrakta Aschehoug-prisen i 1982, og han er ein norsk poet med internasjonalt ry.

Vårt utvalg i noter og plater
er verdt et besøk!
Skriftlig og telefonisk henvendelse
setter vi også pris på!!

MUSIKK-HUSET A/S

KARL JOHANSGT. 45 - OSLO


Tlf. butikken: 42 72 84
Tlf. forlag: 42 50 90

GRAVING
SPRENGING
BETONGARBEID

as Maskinoppdrag

AUTORISERT ENTREPRENØRFIRMA

Rute 4429, 5700 Voss
Tlf. 51 76 49/51 78 50



Erling Kittelsen

(f. 1946 i Vennesla) er ei av «urokråkene» i norsk poesi. Han debuterte med diktsamlinga *«Ville fugler»* i 1970.

Kittelsen er av utdanning mag.art. i religionshistorie. I alle sine bøker har han vore sterkt opptatt av mytar, fablar og eventyrdikting, som allereie i *«Trebuene, dikt til en eventyrroman»* (1973), men ikkje minst i den eventyrlege reiseromanen, diktsyklusen *«Tiu»* frå 1982.

Særleg har Kittelsen dyrka fabelforma — også i samarbeid med biletkunstnarar, slik som i *«En ustyrlig historie om solloer, selkatter og et kjærlighetshull i havet»* (1983). Samfunnskritikk i heller uvanleg form har han levert i *«Politikertale, kjærlighetsord, dikt mot Kåre Willochs nyttårstale 1983»*.

I ei særstilling i norsk poesi står diktdialogen mellom Erling Kittelsen og Paal-Helge Haugen *«I dette huset»* (1984), som har hausta fagnad også utanfor Noregs grenser.

Det seinaste verket til Kittelsen — *«Å erte en guru, historien om en navnløs sel»* – vart først offentleggjort som ledd i multimedietilskipinga *«Selevandring»* i Bergens Kunstforening, aug./sept. 1985.



Sabba

All musikk har røter attende i tida. Nokre former er unge — nokre, som dei fleste klassiske verka, er eldre og har røter heilt frå middelalderen. Musikken som SABBA spelar har røter frå førhistorisk tid — ofte frå frå mytar, som musikken framleis syng om.

Målet med SABBA er å presentere ei musikkform som har gått i arv frå far til son i mange, mange generasjonar. SABBA spelar songar og rytmer som vart brukt og spela i Vest-Afrika, lenge før kolonitida og slavehandelen.

DEMBA JOBARTEH er frå Gambia, av Mandiko-stamma og kjem frå ei musikarslekt. Han vert kalla «Jalli» i Vest-Afrika eller på norsk: «skald». Instrumentet han spelar er KORA.

MIKI N'DOYE er óg frå Gambia, av Wollof-stammen. Han er «Meistertrommeslagar». Han vert rekna som ein av dei beste tolkarane av tradisjonelle rytmar i Gambia. Han spelar D'JEMBI.

ZAHIR LINAAE er frå Sør-Afrika, men har norske foreldre. Han har studert tradisjonell Vest-Afrikansk musikk i Gambia. BOKKARABO og D'JEMBI er dei instrumenta han spelar.

Gruppa SABBA har hatt mange ulike oppgåver i radio og TV-program, har dessutan medverka i ei mengd skolekonsertar og også hatt konsert ved Festspela i Bergen.

Instrumenta SABBA brukar er alle tradisjonelle afrikanske intrument:

KORA: - eit strengeinstrument med 21 strenger med det tørka skalet av ei Callabas-frukt som resonanskasse.

D'JEMBI: - trommer trekt med geiteskinn. Dei må bærast når musikarane spelar. D'Jembitrommer er smykka med metall som gir ein «rasle»-effekt. «Dun-Dun» eller basstromme høyrer med når D'Jembi-trommer blir spela.

BOKKARABO: er ein «familie» av trommer, som består av ei stor, ei middels og ei lita tromme.

BIRRIMBAU: - eit av dei eldste strengeinstrumenta. Det er rett og slett pil og boge, som med små endringar er blitt eit instrument.

TAMMA: - den «talende tromma» - kan følgje menneskestemma sitt toneleie.

VOSSA JAZZ 1986



TORSDAG 20. MARS

20.30 Hotell Vossevangen **SON MU & VOSS STORBAND** i samarbeid med Rikskonsertane og Hordaland Song og Musikkråd.

FREDAG 21. MARS

17.00 Jazzkaféopning, Hotell Vossevangen
RØNNAUG KLEIVA, STIG HOLMÅS (lyrikk), GEIR LYSTRUP (viser)

19.30 Voss Kino: Offisiell opning av festivalen ved forfattar **ERLING T. GJELSVIK.**
TOMAS SAN MIGUEL BAND med støtte frå dei spanske kulturstyresmaktene.

21.30 Klubb Leonardo **YTRE SULØENS JASSENSEMBLE**

21.30 Klubb Vossevangen **MASQUALERO**

21.30 Klubb Fleischers **BITTER FUNERAL BEER BAND**

02.00 Nattklubb Park **ARTIST DECIDED, HEAVY GENTLEMEN**

19.30 Distriktsarr. Oppheim **CAPERCAILLIE** - med støtte frå British Council.

LAURDAG 22. MARS

12.30 Ope Hus, Hotell Vossevangen
KJELL EIRIK VINDTORN, ERLING KITTELSEN, KOLBEIN FALKEID (lyrikk), SABBA

13.30 Barnearr. Voss Gymnas **GULLARS, MARIANNE og INDIGO**

16.30 Konsert, Vangskyrkja, Urframføring,
HENNING SOMMERRO: «**VORS**» med støtte frå Norsk Kulturråd og Fond For Utøvande Kunstnarar.

19.30 Voss Kino **GARY BURTON QUINTET**
Konserten er støtta av Block Watne

21.30 Vang pensjonat **CAPERCAILLIE - SKOTSK FOLKE-MUSIKKENSEMBLE** - med støtte frå British Council.

21.30 Klubb Leonardo **YTRE SULØENS JASSENSEMBLE**

21.30 Klubb Vossevangen **MASQUALERO**
(Andersen/Christensen kvintett)

21.30 Klubb Fleischers **BITTER FUNERAL BEER BAND**

02.00 Nattklubb Park **ARTIST DECIDED,**
HEAVY GENTLEMEN

SUNDAG 23. MARS

14.00 Hotell Vossevangen **DAGFINN IVERSEN (viser), FANA STORBAND**

15.00 Barnearr. Voss Gymnas **GULLARS, MARIANNE og INDIGO**

18.30 Voss Kino **ERIC BURDON BAND**

21.00 Klubb Leonardo **YTRE SULØENS JASSENSEMBLE**

21.00 Klubb Fleischers **BITTER FUNERAL BEER BAND**

01.00 Nattklubb Park **ARTIST DECIDED**

I tillegg blir det arbeidt med fotoutstilling, framsyning av jazzvideoar, samt med ei filmframsyning i regi av Voss Kino av Glenn Miller-film.

Hjå oss får du opptil 30% rabatt på fram-kalling og kopiering



KODAK film er festivalfilmen i år!

- ★ Ny Ektachrome EES, kan pressast til 3200 ASA
- ★ Gode tilbod i butikken!
- ★ Sjå vårt utval av svart/kvit og fargefilm.

VELKOMEN TIL NYOPNA FOTOBUTIKK!

HERHEIM *foto*

SPESIALFORRETNING I FOTO OG FOTOARTIKLER

Tlf. 51 199 - 5701 Voss

Dagfinn Iversen

Dagfinn Iversen er kokk av yrke, men har i dei seinare åra og vore aktiv som visesongar. Iversen framførte i byrjinga viser av Lillebjørn Nilsen, Ole Paus og andre norske visesongarar, men i dei seinare åra har Iversen laga mange eigne viser, og sett tone til dikt av Signe Seim og Johannes Gjerdåker.

Iversen har tidlegare blitt akkopagnert av Kjell Hommedal, Steinar Røthe og Jarle Hommedal, men ved Vossa Jazz i år spelar Iversen med det kjende soul/funk bandet Little Big Band.

Fana Storband

Bandet har i ei årrekkje vore det leiande storbandet her i distriktet. Bandet har opp gjennom åra hatt kjende musikalske leiarar og solistar, og i år er det Tor Ivar Andreassen som har hand om taktstokken. Bandet har i år 20 medlemmer.


PÅ REISE?

Me ordnar alle slags reiser

i inn og utland

NSB-REISEBYRÅ

Uttrågt. 32 - tlf. 05/51 18 35



VANG

pensjonat

Uttrågt. - 5700 VOSS

BO BILLIG
BO SENTRALT
BO GODT
BO VANG

Vi leverer snitter
og selskapsmat

Tlf. (05)51 21 45



Tomas San Miguel Band

Kvartetten til den spanske pianisten Tomas San Miguel høyrer til dei mest framgangsrike i det rike spanske jazzmiljøet. Gruppa debuterte i større samanheng på den 5. internasjonale jazzfestivalen i Madrid, og tok del på ei rad større jazzfestivalar i Europa i fjor.

For fjorten dagar sidan gav gruppa ut den første LPen sin. Ei plate som gjer at programredaktøren ser med ekstra stor forventning fram mot konserten deira på Vossa Jazz. Gruppa spelar musikk ein kan kalla flamenco fusion. Element frå flamencomusikken saman med element frå rock og jazz. Særleg samspelet mellom gitaristen Gerardo Nunez og Tomas San Miguel er svært godt utvikla.

Tomas San Miguel (32) har ei grundig musikalsk utdanning både frå Spania og USA. Han har studert piano (vann «Hank Jones Award»), musikkteori og elektronisk musikk. Under studieopphaldet sitt i USA spelte han saman med m.a. Gary Burton, Larry Coryell, Mike Gibbs og Claudio Roditti. Han har og vore komponist og produsent for «Third wave prod.».

Gerardo Nunez (24) fødd i Jerez-Cadiz spelar flammencogitar, men har synt seg å vera ein svært kreativ improvisatør i dette bandet. Han er medlem i flamencogruppa til Paco Cepero og dansaren Carmen Cortes.


Pepe Pereira (28) spelar bass med sterke røter i flamencomusikken. Han har arbeidd saman med flamencosongaren Camaron De La Isla og gitarist Paco De Lucia. Pereira har og spela i reine jazzsamanhengar med Jean Luc Vallet, Jorge Pardo og Pepe Sanchez.

Carlos Carli (39) trommeslagar frå Uruguay. Han er klassisk utdanna trommeslagar, og kom til Europa saman med latinensembelet Anacrusa. Etter at han slo seg ned i Spania har han spela med dei fleste leiande jazzmusikarar i Spania.

Tomas San Miguel - piano, synthesiser
Gerardo Nunez - flamencogitar
Pepe Pereira - bass
Carlos Carli - trommer

Konserten er støtta av dei spanske kulturstyresmaktene.


Bang & Olufsen



EIT FRAMTIDSRETTA FJERNSYNSSYSTEM

★ SATELITT
★ STEREO
★ TEKST-TV
★ FJERNSTYRING
★ VIDEO
★ HIFI

ELEKTROSENTERET
m.o.mølster



Henning Sommerro

Tingingsverket til Vossa Jazz 1986 vert levert av Henning Sommerro. Sommerro er utdanna organist, men er for dei fleste kjend gjennom gruppa Vårsøg, der Sommerro var låtskrivar og musikalsk leiar.

Seinare har Sommerro skrive mykje teatermusikk og vore aktiv i mange ulike musikalske samanhengar både som komponist, arrangør og utøvande musikar. Sommerro har faktisk skrive musikk til «Peer Gynt» to gonger!

Sommerro er blitt kalla musikalsk kamelon. Forståeleg nok, sett på bakgrunn av Sommerro si mangslungne karriere. Sommerro er ikkje berre komponist, arrangør og utøvande musikar. Han arbeider og free-lance for P2, og dei fleste har sikkert høyrt Sommerro i programposten «Tonefølgje».

«VORS», tittelen på tingingsverket til Sommerro. Ei musikalsk reise i historia har Sommerro kalla verket, som m.a. inneheld element frå gregoriansk kyrkjemusikk, bruremarsjar i 6/8-takt frå Voss og meir moderne tonespråk.

Tekstleg byggjer Sommerro verket sitt på messetekstar på latin og dikt av Olav H. Hauge.

Besetning Voss:
Hildegunn Rise - resitasjon
Per Egil Hovland - blokkfløyte
Olav Dale og Tore Brunborg - saksofonar
Erling Wollestad og Jarle Førde - trompet
Helge Førde - trombone
Stein Erik Tafjord - tuba
Leif og Steinar Rygg - hardingfele
Gunnar Bjelland - synthesiser
Daniel Hydle - orgel
Ole Hamre og Frank Jakobsen - rytmeinstr.
Kirsten Gjersvik og Eilif Grytøyr - songsolistar
Koret ved Voss Folkehøgskule
Henning Sommerro - musikalsk leiar



Gary Burton

Gary Butron (43) har vore proffesjonell musikar i 26 år. Allereie midt på 60-talet hadde Burton skapt seg ei namn i amerikansk jazz som medlem i gruppa til Stan Getz, men det var først med sin eigen kvartett der m.a. gitarist Larry Coryell var med, at Burton blei eit skikkeleg heitt namn. Denne kvartetten var ein av dei første til å ta i bruk rytmikk og klangfargar ein assosierte med rock.

Sidan den tid har Burton heile tida vore i fokus enten dei musikalske samarbeidspartnarane har vore Keith Jarrett, Chick Corea eller Steve Swallow.

Særmerkt for Burtons grupper er at det med jamne mellomrom dukkar opp «nye» namn som seinare greier å skapa seg ein sjølvstendig plass i musikkbilete. Både Pat Metheny og John Scofield er illustrerande døme i så måte.

1986-utgåva av «The Gary Burton Quintet» inneheld pianisten Makoto Ozone og saksofonisten Tommy Smith. Makoto Ozone (24), frå Japan, har gjort kometkarriere. Allereie i 1984 fekk Ozone æra av å opna Koolfestivalen med ein solokonsert i Carnegie Hall. I fjor gav han ut debut-Lp'en sin CBS med Burton som produsent. Ozone har glimrande teknikk, er rytmisk sterk og formar uttrykket sitt med verkemiddel henta frå mest heile jazzhistorien. Ozone lyttar *og* til «klassiske» pianistar.

Allereie som 16-åring tok Tommy Smith til som elev ved Berkley School of Music. Smith hadde før den tid gjort seg bemerka gjennom fjernsyns- og festivalmedverknad - m.a. på jazzfestivalen i Leverkusen i 1983.

Tommy Smith har danna ei gruppe av medstudentar frå Berkley der m.a. Terje Gewelt spelar bass. Smith har ved nokre høve spela i Jaco Pastorius sitt band «Word of Mouth».

John Coltrane er den store inspirasjonskjelda, men tenoristen Tommy Smith ynskjer ikkje setja musikalsk merkelapp på seg sjølv. Det er ikkje merkelappen det kjem an på, men om det er godt spelt, sa Tommy Smith til engelske «Jazzjournal» i fjor.

Steve Swallow (44) høyrer til pionerane på el.bass. Gjennom spelet til Swallow har el.bassen blitt eit uttrykksfullt instrument, og Swallow har heile tida utvikla spelet sitt og vist nye sider ved det.

Swallow høyrer ikkje til dei som stiller seg i rampelyset, men spelet hans er høgt verdsett av publikum og musikarar, og over tid tiltvingar spelet til Swallow seg interesse og beundring.

Swallow har sine første inspirasjonskjelder frå «post-Jimmy Blanton skulen» representert ved m.a. Paul Chambers, Wilbur Ware og Percy Heath.

Seinare har Charlie Haden vore ei viktig påverknadskjelde.

Swallow er ikkje berre ein framifrå bassist, også som komponist har Swallow sett spor etter seg — m.a. frå innspelingar med Carla Bley, Gary Burton og Kip Hanhran.

Swallow har samarbeidd med Burton i 22 år, og i den seinare tid har samarbeidet med gitaristen John Scofield vore sentralt. Duoen Swallow/Scofield hadde ein svært vellukka konsert på Vossa Jazz i fjor.

Gary Burton - vibrafon, Tommy Smith - saksofon, Makoto Ozone - piano, Steve Swallow - bazz, Martin Richards - trommer.

KONSERTEN ER STØTTA AV

Block Watne

Vangsgt. 38
Tlf. 51 31 70

Les om VOSSA-JAZZ

i

Hordaland

— største lokalbladet i fylket —

NORSK MUSIKFORLAG A/S

Karl Johansgt. 39 a

Stedet for jazzplater og noter.
Vi fører m.a. «Playalong»-plater g annet undervisningsmateriell etc.

STØRRE OG BEDRE ENN NOENSINNE

Vi sender over hele landet

Norsk Musikkforlag, postboks 1499 Vika, Oslo 1

Telefon (gram.avd.) 02/42 53 67
Telefon (sentr.bord) 02/68 41 40



Eric Burdon Band

Eric Burdon er eit av dei store namna frå 60-åra som framleis er «still going strong».

Som vokalist og frontfigur i rhytm & bluesgruppa The Animals fekk han fort eit namn som ein av dei heilt store kvite bluestolkarane.

The Animals sin versjon av «House Of The Rising Sun» vart ein klassikar, og «It's My Life», «We Gotta get Out Of This Place» gjorde The Animals til eit legendarisk band.

Men i 1966 vart The Animals oppløyste, og Eric Burdon danna ei ny gruppe som spelte meir rett fram rock, Eric Burdon And The Animals.

Året etter, i 1967, vart Eric Burdon hekta på flower power og psykedelisk musikk, og han gav ut låtar som «Monterey», «Good Times» og «San Franciscan Nights». (Frå Lp-ane «The Twain Shall Meet» og «Winds Of Change».

Så var det stille kring han eit par år, før han dukka opp igjen i 1970, då han gav ut Lp-ane «Black Man s Burdon» og «Eric Burdon Declares War» saman med soul/funk gruppa War, og i 1971 spelte han inn plata «Guilty» saman med den kjende jazz/blues vokalisten Jimmy Witherspoon.

I 1977 hadde dei opprinnelege Animals ein reunion som resulterte i plata «Before We Were So Rudely Interrupted».

Etter den tid har han spelt med forskjellige besetningar, og platene han har gitt ut er for det meste live-plater.

Ei plate som merkjer seg ut blant dei seinare platene til Eric Burdon, er «Last Drive» med Eric Burdon Fire Dept. frå 1980.

Sjølv om Eric Burdon har vore innom fleire musikalske retningar, har musikken hans heile tida vore basert på svart musikk. Han har heile tida vore medviten om svart musikk er opphavet til ei moderne musikkform som rock. Og i dag er han tilbake der han starta, og musikken er rå, drivande, fengande rhythm & blues.

Med i ERIC BURDON BAND er *Thomas Blades, git.* (tidl. ,med Cliff Richards, Gloria Gaynor m.fl.), *Robert Burns, bass* (tidl. med Pete Townsend, Jim Diamond, Jon Lord og Edwin Starr), *Mitchel Ian Harwood, trommer (*tidl. Zoot Money og Savoy Brown) *og John Cook, keyboard.*


T-skjorter **Skilt**
m/trykk

Etiketter

SERIGRAFO

skilt·silketrykk

Strandavegen 37, Boks 380
Tlf. 05-51 28 90 5700 VOSS



L/L Voss Felles-Bakeri og Konditori
5720 Palmafossen

Horda Tidend
—frisk og aktuell!



Masqualero

Masqualero, eller Andersen/Christensen kvintett som gruppa heitte i byrjinga (og som dei framleis blir marknadsført som på kontinentet), blei ein for alvor merksam på i 1983. Då kom den første plata deira, og då leverte dei ein innsats på Kongsbergfestivalen det framleis går gjetord om.

Musikken til Masqualero stiller lydaren (musikarane og!) på ein stor prøve. Konseptet deira inneheld mellom anna raske skiftningar, stor solistisk fridom og eit konsentrert og uvanleg kommunikativt samspel.

Jon Christensen og Arild Andersen skulle ikkje trengja vidare presentasjon. Heller ikkje Jon Balke skulle vera særleg ukjent. Han har vore innom så mange vellukka musikalske prosjekt at dei fleste festivalgjester har støytt på han — enten som ein del av Jazz/Punk Ensemblet, Arild Andersen kvartett (Vossa Jazz -75), Oslo 13 eller gjennom tingingsverket «Palmevinsdrankeren» på Kongsberg i 1984 (i samarbeid med broren Erik).

Nils Petter Molvær og Tore Brunborg har båe gjort lynkarriere i norsk jazz. Gjennom Masqualero har dei imponert garva kollegaer og eit samla kritikarkorps. Ikkje så rart, for sjeldan møter ein unge musikarar som så raskt utviklar formtryggleik og autoritet i spelet sitt som desse to. Allereie etter Vossa Jazz 1982 klatra kritikarane opp etter superlativ på øvste hylla i omtalen av Matarese Circle. (Molvær/Brunborg i samspel med Ernst Viggo Sandbakk, Dag Arnesen, Frode Alnæs og Kåre Garnes). Seinare har båe to eksponert seg i selskap med bl.a. Jazz/Punk Ensemblet og Jon Eberson Group.

LP nr. 2 med Masqualero kjem på ECM i desse dagar. Rykta veit å fortelja at denne plata blir litt «strammare» og meir arrangert enn debuten. Allereie før utgjevninga veit ein at ein har å gjera med ein klar Spelemannsfavoritt i 1986.

Nils Petter Molvær - trompet
Tore Brunborg - saksofonar
Jon Balke - piano/el.piano
Arild Andersen - bass
Jon Christensen - trommer



Ytre Suløens Jassensemble

Då Ytre Suløens Jassensemble vart samanraska av jazzinteresserte musikarar i Langevåg hausten 1973, var det ingen som hadde ambisjonar utover det å spele jazz i lokalmiljøet. Det skulle vise seg at bandets «sound» slo an og stadig vart etterspurd i vidare krinsar.

Bandet fekk sleppe til i NRK, på jazzklubbane i Oslo, og sommaren 1974 vart YSJ spurt om å «tjustarte» Moldefestivalen. Seinare på året vart bandet si fyrste Lp innspelt.

Etterspørselen auka, og med det turnéverksemda. I 1975 var bandet atter i Molde, denne song saman med New-Orleans trompeter Wallace Davenport. Dette samarbeidet resulterte i ein invitasjon frå New Orleans Jazz and Heritage festival, og som det fyrste norske jazzband deltok YSJ på denne festivalen i 1976.

Skulegang og anna gjorde at fleire av bandmedlemane no flytta frå Langevåg, men med ei strammare planlegging av turnear, øvingssamlingar o.a., kunne bandet halde fram.

I 1978 vart det pånytt USA-tur, denne gong ein omfattande turne i Sydstatene, Bahamas, Minnesota og New York. Morten Gunnar Larsen kom med i bandet på denne tida.

Ved sidan av turneverksemd over heile Norge, har bandet elles vore

ein del utanlands, i Sverige, Danmark, Hellas og i fjor vår til Aust-Afrika, nærare bestemt Tanzania.

YSJ har hatt musikalsk samarbeid med kor, korps, symfoniorkester o.a. Samarbeidet med SKRUK har resultert i 2 Lp-plater, og eit utal kyrkjekonsertar rundt i heile landet.

Hittil har bandet spelt inn 8 LPar.

Musikalsk sett har bandet utvikla seg i ei litt anna lei enn ein kanskje skulle forvente av eit «tradband». Sjølv om ånda frå New Orleans framleis lever i orkestret har ein søkt nye og elles uprøvde vegar, med t.d. eigne versjonar av Charlie Mingus-komposisjonar. Monk, Carla Bley og rockemusikkaren Sting finst og på repertoaret. For medlemane i YSJ har dette med utvikling, nye musikalske utfordringar, og utradisjonelle oppfatningar av kva som «sømer seg» å framføre, alltid stått sentralt.

Etter over 12 år i «bransjen» er det ingenting som tyder på at Ytre Suløens Jassensemble er viljug til å stå i fred på båsen — så korleis dette skal ende er det ikkje godt å vite...

A/S George Rokne & Co.

5701 Voss

kilde

Siviling. Falch, Ringheim og Solberg

Konsulentkontor – akustikk.

Bergslipl. 2,
5700 Voss
Tlf. 05-51 28 80

Støyreduksjon - Måling - Analyse

Rom- og bygningsakustikk

Kurs. Kunnskapsformidling



Bitter Funeral Beer Band

Afrikansk musikk har det norske jazzmiljøet vore rikeleg velsigna med i mange år. Takka vere grupper som E'Olen, Tamma, Sabba og Knut Kristiansen mange prosjekt innan dette feltet har mange fått eit nært forhold til denne musikken. BITTER FUNERAL BEER BAND er eit heilsvensk band som arbeider med afrikansk musikktradisjon — nærare bestemt musikk frå Ghana.

Musikalsk leiar Begt Berger har studieopphald i Ghana bak seg, og musikkforma til BFBB byggjer på ei grunnleggjande forståing av innhald og funksjon i denne musikken.

Men det er ikkje rein folkemusikk BFBB leverer. Den vesterlandske musikktradisjonen viser seg gjennom improvisasjon og instrumentering. BFBB er føst og fremst eit kollektivt band der solistar trer fram i korte passasjar for seinare å gli inn i det kollektive uttrykket. Gruppa er ikkje i det heile likt eit konvensjonelt storband. I BFBB glir rytme og melodiliner inn i kvarandre og ulike instrumentkombinasjonar gjev stadig nye klangfargar i eit rytmisk og melodisk mønster som stadig er i utvikling.

BFBB er eit publikumsvennleg band som får lyttaren på beina for å

gje seg dansen i vald. I tillegg tenkjer bandet visuelt. Det blir musikk for både kropp og sjel når BFBB legg i veg.

Bengt Berger - musikalsk leiar/perkusjon, Liselott Norleius - perk., Thomas Mera Gartz-perk., Anita Livstrand - vok./perk., Sigge Grantz - gitar/bass/perk., Tord Bengtsson - fiolin/gitar/perk., Thomas Huhn - trommer/bass, Bjørn Hellstrøm - bassklarinett/fløyte/perk., Tommy Adolfsson - trompet/perk., Thomas Gustavsson, Ulf Wallander - saksofonar/perk., Bengt Ernryd - trompet/perk.
lydteknikar.

Artist Decided

Denne bergenstrioen har i løpet av eit års tid blitt eit av dei mest tiljubla jazzbanda her til lands. Dei spelar vel knapt det ein kan kalla jazz langs den gyldene middelveg, og såleis kunne ein tru at publikumet deira vart svært avgrensa. Når det likevel ikkje har skjedd har det samanheng med den evna gruppa har til å kommunisera med publikum. Her må det vera på sin plass å framheva Per Jørgensen særskilt.

Musikalsk spelar trioen på mange strenger. Ein kunne vera freista til å utropa dei til Norges svar på Ganelin trio. Musikken til Artist Decided er sprudlande utadvendt, men likevel svært krevande i alle sine skiftningar.

Per Jørgensen - trompet, flygelhorn og sang
Rolf Prestø - bass
Magne Birkenes - trommer

TILLUNG & CO
VANGSGT. 8.
FRUKT - TOBAKK - AVISER
VEKEBLAD

Geitle
Tradisjonsrik Vossamat
Postboks 73 - 5701 Voss - Tlf. 05 51 12 50

Garantert Kvalitetsråvarer
Produsert etter norske forskrifter av kun kvalitetsråvarer. Er du misfornøyd får du pengene tilbake.
DEN PRIVATE KJØTTBRANSJEN

Det er berre ei musikkform me likar like godt som jazz:

Dei mjuke og velgjerande tonane som vert trylla fram på kassaapparata våre.

VELKOMEN TIL DAGLEG FESTSPEL HJÅ OSS

Du finn oss midt på Vangen!

L/L VOSS HANDELSLAG

Capercaillie

er namnet på den utanlandske folkemusikkgruppa ved årets Vossa Jazz. Capercaillie kjem frå Argyll i Skottland. Namnet Capercaillie har gruppa lånt frå fuglen av same namn: den største europeriske rype-arten (Tetrao urogallus), som berre finst i The Scottish Highlands. Gruppa Capercaillies orientering innanfor den ekte folkemusikalske tradisjonen har ein parallell i og blir understreka av namnets minst like lange røter, dets etymologi. Capercaillie er ei samansetjing av gælisk *capull* (frå lat. *caballus*) som betyr hest, og av gælisk *coille* som betyr skog; altså bokstaveleg tala «skogane sin hest» eller «skogshest». Dette ordet er så blitt overført på den nemnde særeigne og nokså sjeldne lokale rype-arten.

Capercaillie er samansett av seks unge, framoverstormande musikarar, som alle har det til felles at dei har vakse opp innanfor ein tradisjonssamanheng, der dei har spelt overlevert musikk frå dei var små. I dag har dei nådd fram til å bli ei av dei høgast verdsette folkemusikkgruppene i Skottland, trass i sin unge alder.

På repertoaret sitt har dei eit breitt innslag av tradisjonsmusikk og ei rekkje med gæliske songar. I 1985 nådde Capercaillie fram og vann den årlege pan Celtic festival i Irland. Pan Celtic-tilskipinga er ein festival med éi deltakargruppe frå kvart av dei keltiske landa.

Capercaillie har spelt saman i tre år, og i juli 1985 bestemte dei seg for å gjere folkemusikken til levebrød, slik at dei i dag framstår som ei profesjonell gruppe. Sidan sommaren 1985 har dei så turnert både i Canada, Nederland, Irland og sjølvsagt på kryss og tvers i Skottland. Si første LP'plate gav dei ut i oktober 1984. Plata, som har tittelen «Cascade», er innspelt på det skotske merket ETIVE Records og vil vere til sals under Vossa Jazz. Ei ny LP er på trappene for utgjeving sommaren 1986.

Capercaillie består av:

DONALD SHAW (f. 1967 i Argyll - accordeon og tangentinstrument. han har klassisk utdanning på accordeon og vart All Britain Amateur Champion i 1984 ved å vinne The Accordeon Festival ved London det året.

KAREN MATHESON (f. 1964 i Argyll) - vokalist. Ho vann den høgaste utmerkinga for gælisk song ved den årlege National Gaelic Festival i 1982.

SHAUN CRAIG (f. 1965 i Argyll) - gitar og bozouki.

MARC DUFF (f. 1961 i Canada) - fløyte og ulike blåseinstrument. Han studerer no fløyte (recorder) ved Guildhall Music College i London, og i 1981 vann han konkurransen i fløyte (recorder) - spel ved den såkalla National Yoyo Festival i London.

MARTIN MacLEOD (f. 1965 i Argyll) - fele og bass.

CHARLIE MacKERRON (f. 1963 i Elgin) - fele. Han vart «golden

champion» i 1983 ved å vinne den årlege, skotske festivalen National Fiddle Championship det året.
Capercaillie har også bak seg mange framføringar i skotsk fjernsyn, og under Canada-turneen spelte dei inn eit live fjernsynsprogram for Global Television i Toronto.

Tilskipingane med Capercaillie på Vossa jazz
er støtta av
THE BRITISH COUNCIL



The Heavy Gentlemen

Du hugsar dei sikkert frå «Rock on the dock» eller Kanal 1. Heavy Gentlemen — historien om «fritidsbandet» som på rekordtid blei publikumsyndlingar. Gruppa byrja som husorkester på Waterfront, og er i dag eit av dei mest populære «partybanda» her på berget.

Det ni manns sterke bandet kombinerer individuell

instrumentdugleik, tett samspel, utadvent og humørfyllt sceneopptreden med eit utruleg breitt repertoar — alle genrar handsama med same sjølvfylgjelege autoritet.

Heavy Gentlemen går frå tett og heit soul i beste James Brown-stil til boogie-woogie eller 40-tals swing frå Louis Jordans penn som om det skulle vera det mest naturlege i denne verda — og *det* er det — gjort av Heavy Gentlemen.

SIGURD KØHN (sax). Ein av Norges mest etterspurte saxofonoistar for øyeblikket. Kjent fra LAVA, OSLO R&B ENSEMBLE, SON OF SAM etc. Køhn er vel den i Norge som best gjenskaper soundet/stemingen fra legendariske R&B/soulsaxofonist som JR Walker og King Curtis.
TORBJØRN SUNDE (trombone). Kjent ansikt fra utallige jazz/rock/bluessammehenger. JON EBERSON, CHIPAHUA, Jazz, Punk ensemblet, osv. Sunde er også en utmerket vokalist, som også blir tatt vare på av Gentlemennene.
BENDIK HOFSETH (sax). Supersaxofonisten som dukket opp via gruppa CELESTE. Hofseths musikalitet har bl.a. blitt benyttet av JON EBERSEN GROUP, PÅL TOWSEN og BJØRN EIDSVÅG. Det bør også nevnes at Hofseth er en meget hyfset sanger.
KNUT REIERSRUD (gitar). Gitaristen som i det siste har jobbet med ulike band i USA. Reiersruds kjennskaper til svart musikk gjennomsyrer hans gitarspill og formidles også via ulike musikkprogram i NRK.
PAOLO VINACCIA (trommer). Groovebrother no. 1 i Norge. Kombinasjonen Italiensk temperament og utrolig teknikk gjør dette rytmemonsteret til noe helt spesielt. Vinaccia har tidligere vært å finne i JONAS FJELD BAND, LARSEN etc.
GEIR WENTZEL (piano, vokal). En av de som har holdt på med R&B lengst her i landet. Kjent bl.a. fra OSLO R&B ENSEMBLE.
IVAR VEREIDE (gitar). Nytt skudd på gitar-stammen i Oslo. Vereide har tidligere jobbet med Nissa Nyberget i tillegg til ulike rockeband fra Oslo.
JØRUN BØGEBERG (bass). Anerkjent bassist som har jobbet med bl.a. ROAD, JAN TEIGEN, CASINO STEEL m.m.

PARK
HOTEL
VOSS



Gullars, Marianne og Indigo



er kjende for både små og store frå fjernsynsserien om «Regnbuebyen» og frå mange gjestingar rundt omkring i distrikta.

Gullars — ein gul og rufsut fugl som er redd for å fly — får bu i ei fiolinkasse som «fast gjest» hjå Marianne, ei jente i full storleik og med eit heilt «normalt» hus. Gullars er ein frisk og freidig fyr som dei fleste born kjenner seg att i. Ofte er det noko som går på tverke for Gullars, han kan få skjenn og han kan bli svært lei seg. Men samspelet mellom Gullars og dei vaksne er mykje basert på fine samtalar, der flokane blir oppklara, og der det går fram at Gullars som er så liten, ikkje kan klare alt det dei vaksne kan klare.

Gullars og Marianne har også ein nabo som kallar seg Indigo, ein «indignert» gammal gentleman — som bur i eit søppelspann. Saman bur Gullars, Marianne og Indigo i Regnbuebyen, eit sosialt rom der alt mogeleg rart kan skje.

Bak fjernsynsseriane med Gullars, Marianne og Indigo står Ole Bjørn Kringstad frå NRK/Hordaland, som fekk ideen til serien då han utdanna seg i USA, der han bl.a. arbeidde med barneprogram og også jobba saman med den gruppa som laga «Sesame Street» (vist på svensk fjernsyn). God støtte til den første serien fekk Kringstad hjå Grete Høien i Barne- og ungdomsavdelinga i NRK.

Bak rørslene og røysta til handdokka Gullars står GEIR AMUNDSEN. Marianne blir framstilt av MARIANNE PERSSON VAAGE, og Indigo av TOR GUNDERSEN.

Musikken til «Regnbuebyen» er blitt til reine pop-låtane for borna, og den er skriven spesielt for desse programma av Tore Thorsen frå gruppa TOMA.

Tilskipingane med Gullars, Marianne og Indigo på Vossa Jazz
er støtta av

POSTSPAREBANKEN



REMA - VOSS OFFSET 1986